



Bård Pedersen (Relacom) og Gunnar Vaage (Kvinnherad Breiband) gjer det meste av omkoplinga frå arbeidsbilen.

Kvinnherad Breiband har sendt melding til alle sine abonnentar om overgang til nodeteknologi i perioden 29. oktober til 1. november. Ny node tyder at tekologien vert samla i ein sentral. Sentralen eller hytta, som det også vert kalla, er plassert ved Uskedal skule. Alle kundane i Uskedalen vil i dette tidsrommet bli kopla til nytt utstyr i eit oppdatert nodenett.

Alle vil også få varsel om dag og nøyaktig tid for oppkopling. Brukarane vert oppmoda om at utstyret står med påkopla straum. Det kan vera naudsynt med restart av ruter, tv-dekoder, smart- TV, PC m.m. etter omkoplinga.

Uskedalen.no har møtt Bård Pedersen frå Relacom og Gunnar Vaage frå Kvinnherad Breiband i dag. Sentralen på Dønhaug og ved skulen vert erstatta av ny hytte. Overgang til såkalla nodeteknologi tyder to ting: Overgang til ny sentral med større kapasitet og overgang til ny og betre teknologi.

Arbeidet i Uskedalen skal vera gjort unna på fire dagar. Korsneset vart omkopla i 2017.

Dagleg leiar i Kvinnherad Breiband, Gunnhild Nilsen, fortel at det er om lag 300 abonnentar i Uskedalen. Det er node i Korsneset og ved skulen. Noden på Dønhaug vert fasa ut i morgon 1. november. Då er denne sentralen historie.

Kvinnherad Breiband er med dette komen halvvegs i arbeidet med overgangen. Halsnøy, Sunde og deler av Husnes er alt omkopla.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Gunnar Vaage ferdigstiller arbeidet ved Uskedal Bru, i det som vert kalla ein skøyt.